



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
08.02.2021	11972/2021	Olav Arne Vatne

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	03.03.2021

Fordeling av ekstra midlar til el-ferjer

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkeskommunedirektøren tilrar at ein disponerer tilskottet frå Staten om omfordeling av midlar til el-ferjer på 5,273 mill. kroner slik det går fram av saksframlegget, med fordeling som går fram av tabellen under:

Rute	Ferjesamband	Kroner - tall i tusen
02	Årvika - Koparneset	650
06	Hareid - Sulesund	2 100
31	Aukra - Hollingsholmen	200
36	Sølsnes - Åfarnes	2 323
	Total sum	5 273

Fylkeskommunedirektøren vil også gjere merksam på at tilskottet gjeld berre for året 2021, og viss effekten skal førast videre må dette innarbeidast i komande budsjett og økonomiplan.

Bakgrunn

Fylkeskommunedirektøren viser til vedtak i fylkestinget T-88/19, Reduksjon av driftsnivået i samferdselssektoren – Omstilling 2020.

Fylkesutvalet vedtok i sak U-183/20 Reduksjon av rutetilbodet for hurtigbåt og ferje 2021. Vedtaket blei satt i verk frå 1. januar 2021.

Staten har auka løyingar for kommunar og fylkeskommunar for 2021, kor Møre og Romsdal fylkeskommune har fått auka tilskott etter omfordeling av midlar til elferje på 5,273 mill. kroner. Desse midlane blir lagt til utvalsramme 65 fylkesvegferjer.

Vurdering

På bakgrunn av auka løying for 2021 er retta mot elferjedrift, vil fylkeskommunedirektøren nytte styrkinga av ramma særleg inn mot samband som har miljøferjer eller som skal starte opp miljøferje. Vidare vektleggast dei same omsyna som ved reduksjon av tilbodet slik som trafikkmengd, trafikksamsetning og samfunnsnytte.

Fylkeskommunedirektøren legg fram følgjande forslag om disponering av auka utvalsramme 65 fylkesvegferje for 2021:

Rute 02 Årvika - Koparneset

Fylkeskommunedirektøren tilrår at ein set inn igjen avgangen frå Årvika kl. 23.30 og frå Koparneset kl. 23.45 som blei redusert i kutt-saka. Næringslivet har sendt inn brev kor dei ønskjer at ein set inn igjen avgangen, da det får verknader for deira produksjon. Reversering av produksjonen tilsvara 0,65 mill. kroner på årsbasis.

Viss ein går for denne løysinga i rute 02, så må ein gjere mindre justeringar på avgangstider i rute 01 Larsnes.

Rute 06 Hareid – Sulesund

Fylkeskommunedirektøren tilrår at ein set inn igjen dei 6 vekene på sommaren med innstilt C-ferje produksjon. Sambandet er elektrifisert og viktig for eit godt tilbod for den maritime klynga, fiskeindustrien og pendlarar på Søre Sunnmøre. Dette utgjer 2,1 mill. kroner på årsbasis.

Rute 31 Aukra - Hollingsholmen

Fylkeskommunedirektøren har reversert kuttet på kvardagar i ruta Aukra – Hollingsholmen frå 1. februar, da det ikkje var korrespondanse med rute 32 Småge-Orta-Finnøya-Sandøya-Ona. Det var klagar frå dei gjennomgåande reisande som gjorde at vi sat inn igjen produksjonen.

Aukra kommune har vorte opplyst om at vedtaket om reduksjon står ved lag, og viss ein ikkje får tilført midlar må ein gjennomføre nye kutt i produksjonen.

Sambandet som er elektrifisert har eit stort innslag av næringstransport knytt til fiskeindustrien og annan næring som gassindustrien.

Rutededuksjonen på Aukra – Hollingsholmen utgjer 0,2 mill. kroner på årsbasis.

Rute 36 Åfarnes - Sølsnes

Fylkeskommunedirektøren tilrår at ein set inn igjen deler av B-ferjeproduksjonen på laurdagar og søndagar i trafikksvak del av året. Vedtaket i sak om reduksjon av rutetilbodet U-183/20 tilsvara ni månader med redusert helgeproduksjon som gjev totalt innsparing på 3,9 mill. kroner på årsbasis.

Slik kuttet ligg i dag er det to ferje produksjon i månadane juni, juli og august. Fylkeskommunedirektøren veit at hytte- og skituristar begynner å nytte sambandet aktivt på helg frå mars månad. Sambandet har et stort innslag av næringstransport da fv.64 er ein av hovudfartsårane (eksportveg) ut/inn av fylket, samt eit viktig pendlarsamband.

Viss ein fordeler det auka rammetilskottet som nemnt ovanfor i vurderinga blir det att 2,3 mill. kroner til sambandet Åfarnes – Sølsnes. Dette vil gje ein auka B-ferje produksjon på 24 veker, som gjer at det blir to ferjeproduksjon i 8 månadar mot dagens 3 månader.

Når det gjeld opp- og nedkjøpsmekanismen i kontraktane går den på to forhold, justering av vederlag ved midlertidig endring, og permanent endring av ruteproduksjon. Ved ein midlertidig endring blir beregningsformelen multiplisert med 1,5 som gjer at det blir noko dyrare enn permanent endring.

Fylkeskommunedirektøren har lagt til grunn formelen for permanente endring i berekninga.

Fylkeskommunedirektøren vil også informere om at ein vil redusere B-ferjeproduksjonen i sambandet Eidsdal-Linge, rute 15 for april månad. Koronasituasjonen rammer oss framleis, og ein forventar ikkje trafikkvekst før i mai månad. Kontrakt med operatør tilseier at B-ferje produksjonen skal starte opp i april månad. Utsetjing av B-ferje produksjon vil gje oss ca. 1 mill. kroner i innsparing. Om pandemien framleis er aktiv og reiseaktiviteten er låg, vil fylkeskommunedirektøren på same måte vurdere om B-ferjeproduksjonen vert avslutta tidlegare til hausten.

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

Arild Fuglseth
samferdselsdirektør